

## Innspel til budsjett 2019

FAU ved Selevik skule ynskjer koma med kommentarar til føreslått budsjett for Fitjar Kommune som vart lagt ut på høyring 5 desember.

Det er foreslått å flytte 5-7 klasser til Rimbareid og stå att med ein 1-4 skule som skal samordnast med barnehage og fungere som eit oppvekstsenter.

Me reagerer på forslaget og meiner dette er lite gjennomtenkt, ikkje praktisk å gjennomføre, lite tenleg for elevane våre og innsparinga er for liten til å kunna forsvarast. Innsparinga som er skissert meiner me og er feil då det er ei rekke moment som ikkje er omsyneteke.

Størrelsen på skulen vil vere for liten til å skapa noko godt skulemiljø, det vert to klassar og antal elevar vil liggja frå 12-18 i planperioden. Læraranes fagmiljø, som har vore trekt fram som allereie lite i tidlegare framlegg der målet har vore å leggja ned skulen vil verta enda mindre med dette forslaget.

Forslaget tek heller ikkje høgde for at elevane som skal flyttast treng påfyll av fag for å komma inn i eit læringsspor med 1-7 inndeling, årets 6 klassingar manglar fag som dei frå hausten 2019 må få via ekstra undervisning på Rimbareid, dette er ikkje hensynstatt i budsjettet og vil ha ein kostnad.

5 klassingar i år må bruke skuleåret 19-20 til å tilpassa seg same inndeling, dei lyt og få tilpassa undervisning for å dekke alle fag. Det er då heller ikkje teke omsyn til dette i budsjettet og det påløper kostnad her og.

Årets 4 klassingar kjem opp i storskulen hausten 2019 og må då utelukkande ha undervisning i 5 klasse fag, dette må gjerast med deling og må då få ein kostnad i budsjettet.

Elevane som skal til Rimbareid vil oppleve fulle klassar, lite uteplass på deling og om ein tolkar signala som vart gitt ved framlegging av budsjettet er det slett ikkje sikkert at utbygginga på Rimbareid vert som framlagt. Det pedagogiske tilbudet til elevane på Rimbareid blir ikkje så godt som det dei har i dag med desse momenta medrekna. Me ynskjer ikkje at mellomtrinna skal måtta flytta så tidleg.

Dette med skuleskyss er framleis eit uromoment sjølv om det ikkje lenger gjeld dei aller minste. Tida ein brukar på bussen vert lang, elevar på mellomtrinnet går

glipp av mykje fritid. Der ein i dag går eller sykler til skulen vert dette erstatta med stillesitjing på bussen. Mengd born er og så mange at det vil vere naudsynt anten med to mindre busser ala den som er i bruk i dag eller stor buss som utfrå tidlegare innspel ikkje er eigna på den smale vegen i Dåfjorden.

Å plassera ein barnehage så tett på skulen vil krevja tilpasning av lokaler, dette er ikkje teke omsyn til i budsjettet. Barnehageborn og skuleborn har ulike behov, skal elevar læra treng dei ro i timane sameleis treng barnehageborna ro for å sova slik at elevar som er høglydte i friminutta vil skapa problem for dei.

Alt i alt verkar framlegget lite gjennomarbeida, kostnadar som påløper med dette er ikkje teke omsyn til og resultatet er ikkje tilfredsstillande verken for elevar som vert att på krinsskulen eller elevar som vert flytta til Rimbareid. FAU Selevik stiller og spørsmål til korleis dei styrande kan leggja fram eit slik heilt nytt forslag med så kort høyringsfrist?

**MVH FAU ved Selevik skule.**